

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 09.-11.12.2022

Arkivk.: styret/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 11 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023

Stad: Møsasvøo 19, Beitostølen

Tidspunkt: Frammøte fredag 9. desember 2022 ca. kl. 20.00
Avslutning søndag 11. desember 2022 ca. kl. 14.00

RAMMEPROGRAM, FREDAG 09. DESEMBER 2022

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Frammøte	Kl. 20.00		Møsasvøo 19
Middag	Kl. 20.30		Møsasvøo 19

RAMMEPROGRAM, LAURDAG 10. DESEMBER 2022

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-10.00	Sak 72-80	Møsasvøo 19
World Cup	Kl. 10.00-14.00		Skistadion
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 15.00-18.00	Sak 81-86	Møsasvøo 19
Middag	Kl. 20.15		Cafeen Beitostølen

RAMMEPROGRAM, SØNDAG 11. DESEMBER 2022

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-11.00	Sak 87-90	Møsasvøo 19
Utsjekk	Kl. 11.00		Møsasvøo 19
World Cup	Kl. 12.00-15.00		Skistadion
Heimreise	Kl. 15.00		

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 72 21-23	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 73 21-23	Godkjenning av protokoll nr. 10 21-23 frå Skikrinsstyret
SAK 74 21-23	SFSK HKK protokoll nr. 5 21-23
SAK 75 21-23	SFSK HKK referat Haustmøtet 2022
SAK 76 21-23	SFSK AK protokoll nr. 7 21-23
SAK 77 21-23	SFSK AK referat Haustmøtet 2022
SAK 78 21-23	SFSK LK protokoll nr. 9 21-23
SAK 79 21-23	SFSK LK protokoll nr. 10 21-23
SAK 80 21-23	SFSK LK referat Haustmøtet 2022
SAK 81 21-23	Orientering frå Skistyre

RAPPORTERING

SAK 82 21-23 **Rekneskapsrapport pr. 30.11.21**

ORIENTERINGSSAKER

SAK 83 21-23 **Marknadsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins**

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 84 21-23 **100 års-jubileum**
SAK 85 21-23 **Skikrinstinget 2023**
SAK 86 21-23 **Årleg Eldsjelmarkering**
SAK 87 21-23 **Budsjett 2023**
SAK 88 21-23 **SFSK Handlingsplan 2021-2023**
SAK 89 21-23 **Rekrutteringsarbeid i Skikrinsen**
SAK 90 21-23 **Sogn og Fjordane leikane**
SAK 91 21-23 **Bil til skiklubbutviklar**
SAK 92 21-23 **Alkoholservering**

EVENTUELT

SAK 93 21-23 **Implementering av nye greiner i Skikrinsen**

TIL STADES: Finn Årdal, Anders Engeland, Jan Inge Årdal, Tor Arne Hov, Melanie Hetkamp-Andersen (skiklubbutviklar), Kennet Dvergedal (adm)

FORFALL: TonjeN. Tangerud, Anne Marie Svarstad, Roger Ellingsund

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 72 21-23 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 73 21-23 **Godkjenning av protokoll nr. 10 21-23 frå Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 10 21-23 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 10 21-23.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- SAK 74 21-23** **SFSK HKK protokoll nr. 5 21-23**
Bakgrunn
Protokoll frå Hopp- og Kombinertkomiteen sitt møte nr. 5 21-23 ligg vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.
- SAK 75 21-23** **SFSK HKK referat Haustmøtet 2022**
Bakgrunn
Referat frå Hopp- og Kombinertkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek referat til orientering.
- SAK 76 21-23** **SFSK AK protokoll nr. 7 21-23**
Bakgrunn
Protokoll frå alpinkomiteen sitt møte nr. 7 21-23 ligg vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.
- SAK 77 21-23** **SFSK AK referat Haustmøtet 2022**
Bakgrunn
Referat frå Alpinkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek referatet til orientering.
- SAK 78 21-23** **SFSK LK protokoll nr. 09 21-23**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 02 21-23 i Langrennskomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protkollen til orientering.
- SAK 79 21-23** **SFSK LK protokoll nr. 10 21-23**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 10 21-23 i Langrennskomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek protkollen til orientering.
- SAK 80 21-23** **SFSK LK referat Haustmøtet 2022**
Bakgrunn
Det vart orientert frå langrennskomiteen sitt Haustmøte.
- VEDTAK**
Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 81 21-23

Orientering frå Skistyret

Bakgrunn

Leiar i skikrinsstyret orienterte frå aktuelle saker i Skistyret.

- Budsjett

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

RAPPORTERING

SAK 82 21-23

Rekneskapsrapport pr. 30.11.2022

Bakgrunn

Rekneskap pr. 30.11.2022 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 30.11.2022:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat
kr. 2 378 627,-	kr. 2 357 567,-	kr. 21 060,-
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat
kr. 674 964,-	kr. 570 716,-	kr. 123 107,-
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat
kr. 447 190,-	kr. 337 999,-	kr. 109 191,-
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat
kr. 85 700,-	kr. 64 487,-	kr. 21 213,-
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.
kr. 1 171 043,-	kr. 1 403 494,-	kr. -232 451,-

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 83 21-23

Marknadsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
AVIS Bilutleige	AU	2022	Avtale går tom. 30.06.2022. Ingen ny avtale

Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2023	Avtale går t.o.m. 2023
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2024	Avtale går t.o.m. 31.05.2024
SFE	Hopp/ langrenn	2023	Avtale går t.o.m. 31.06.2023
Fjord1	Alpint	2024	Avtale går t.o.m. 2024
Sparebanken Vest	Alpint	2024	Avtale går t.o.m. 2024.
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Avtale går t.o.m 31.05.2024.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek marknadsarbeidet til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 83 21-23

100 års-jubileum

Bakgrunn

Skikrinsstyret oppretta ein komité som jobbar med ulike måtar å markere 100 års jubileum for Sogn og Fjordane Skikrins.

Jubileumskomiteen hadde sitt 2. møte 29.11.2022, referat frå møtet er lagt som eige vedlegg.

Skikrinsstyret bør spesielt drøfte desse framlegga frå Jubileumskomiteen:

«Komiteen foreslår ei ekstra jubileumsmarkering i samband med desse arrangementa:

- KM langrenn i Sunnfjord 27.-29. januar, arr. Førde IL og Gaular IL
- KM alpint SL og SSL 10.-12. februar, arr. Sogndal IL
- Skikrinstinget 2023, laurdag 20. mai ved Scandic Hotel Sunnfjord, Førde
- Jubileumsmarkering og Haustmøta til Skikrinsen 21.-22. oktober 2023 – forslag om å arrangere middag meg bankett ved Alexandra Hotel, Loen. Komiteen hentar inn prisar som blir lagt fram for styret.

For å få oppslutning til markeringane er det vidare forslag om å bruke kjende namn som foredragshaldarar: eksempel Aksel Lund Svindal, Marit Bjørgen, Therese Johaug»

«Komiteen foreslår at skikrinsen skal utvikle profileringsmateriell som skal nyttast i samband med krinsarrangement kommande vinter. Ein ser føre seg utvikling av arrangementpakkar som vert nytta i samband med krinsrenn i alle greiner.

Vidare vurderar ein nokre eigne jubileumsarrangement etter konseptet «Skitrøkk». Dvs. arrangement med følgjande rammer:

- Målgruppe: Barn og ungdom
- Arrangementet foregår på kveld-/ nattestid i skianlegg
- Lyd og lys
- Alternative konkurranseformer»

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å følgje opp skissert opplegg:

Arrangement	Tidspunkt	Stad	Ansvar
KM-helg langrenn	27.-29. jan. 2023	Langeland, Sunnfjord	LK
KM Sl og SSL alpint	10.-12. feb. 2023	Hodlekve, Sogndal	AK
Skikrinstinget 2023	3. juni 2023	Sunnfjord	AU
Haustmøte og Jubileumsmarkering	21.-22. okt. 2023, eller 28.-29 okt. 2023	Nordfjord	AU/ jubileumskomiteen

Styret/ adm vil i dialog med jubileumskomiteen følgje opp:

- Om skipresidenten har moglegheit til å vere til stades
- Prisar i forhold til bevertning og overnatting
- Aktuelle lokale skiklubbar som bidreg til arrangementa

Greinkomiteane følg opp markeringar i samband med KM langrenn og alpint.

Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å kjøpe inn beachflagg med skrift: «Sogn og Fjordane Skikrins - 1923», adm. følgjer opp andre aktuelle profileringsartiklar.

SAK 84 21-23

Skikrinstinget 2023

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Skikrinstinget 2023 skal gjennomførast laurdag 20. mai 2023 ved Scandic Sunnfjord Hotel i Førde.

Styret bør drøfte framdrift og prosess for ny handlingsplan for perioden 2023-2025. Handlingsplanen skal handsamast og vedtakast på Skikrinstinget 2023.

VEDTAK

Skikrinsstyret vurderar å flytte Skikrinstinget til laurdag 2. juni. Endeleg vedtak må gjerast seinast i løpet av januar 2023.

Framlegg til ny handlingsplan blir lagt fram frå adm til greinene, før den blir lagt fram til styret seinast i april. Handlingsplanen blir vedteken på Skikrinstinget 2023.

SAK 85 21-23

Årleg Eldsjelmarkering Bakgrunn

Forslag om å opprette ei ny markering for eldsjeler som gjer viktig frivillig arbeid for laga, utan at dei nødvendigvis får merksemd gjennom rollar eller verv. Markeringa vil vere årleg, og klubbar kan foreslå 1 kandidat per år.

Eldsjelprisen blir gitt første gong i samband med jubileumsbanketten.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å opprette ein årleg pris: «Årets Eldsjel i Sogn og Fjordane Skikrins». I 2023 vert prisen delt ut i samband med jubileumsmarkeringa på hausten. Klubbar blir oppfordra til å foreslå 1 kandidat per år til Heidersteiknemnda. Heidersteiknemnda sender framlegg til innstilling til styret, skikrinsstyret gjer endeleg vedtak.

SAK 86 21-23

Budsjett 2023 Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett for 2023 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2023 er negativt, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 054 800,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 3 372 000,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på lagskontigent (årskontigent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigenandelar frå løparar/ føresette og klubb.

Det er elles budsjettert med post-3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr. 30 000,- fordelt på rekrutteringsprosjektet, paraidrett, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane medan AU held igjen 12% til eiga drift, er ikkje lagt til grunn i framlegg til budsjett. Grunna eigenkapitalen til AU foreslår styreleiar å ikkje nytte fordelingsnøkkelen i 2023. Styret gjer ei ny vurdering om fordelingsnøkkelen skal nyttast i budsjett for 2024.

ARBEIDSUTVALET

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr 305 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Skiting, Vår møte og Haustmøte 2023).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå grinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Hausmøter (i tråd med tidlegare praksis).

I samband med at Sogn og Fjordane Skikrins har 100års jubileum i 2023 er det budsjettert med ekstra kostnader knytt til Skikrinstinget og andre markeringar.

Krinsting

Det er budsjettert med kr. 100 000,- i samband med Skikrinstinget 2023. Dette er kr. 60 000,- meir enn budsjettert til førre Skikrinsting i 2021.

100 års jubileum

Til andre markeringar i samband med 100års jubileum har Skikrinsstyret i SAK 71 21-23 satt av kr. 100 000,-.

Drift administrasjon

Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2023 er ca. kr. 837 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Med bakgrunn i framlegg om å ikkje vidareføre ordninga med fordelingsnøkkel for markedsinntekter i budsjett for 2023 er det budsjettert med at administrasjonen skal balansere.

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i tilskot frå Idrettskretsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2022 syner.

Etter samanslåinga til Vestland Idrettskrets er dette tilskotet halvert.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontigent) er budsjettert ihht. vedtak i samband med Skikrinstinget 2021 og om lag same nivå som rekneskapstala for 2022 viser.

Momskompensasjon

Jf. Tidlegare retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med ca. kr 60 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

Lagbesøk

Under lagsbesøk er det budsjettert med kostnader knytt til klubb utvikling både i klubb og sone, inkludert korte kurs i klubb.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr. 20 000,- frå Idrettskrinsen (prosjektstøtte).

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjekt er det budsjettert med eit tilskot på kr. 10 000,- (post 3 midlar)

Det er budsjettert med kostnader knytt til gjennomføring av rekrutteringstiltak.

Det er vidare budsjettert med kostnader på kr. 30 000,- knytt til implementering av nye greiner i Skikrinsen.

Det er budsjettert med negativt resultat på dette prosjektet.

Utedagen

Det er ikkje søkt midlar frå Fylkeskommunen til prosjekt *Utedagen 2023*. På bakgrunn av dette er det ikkje budsjettert med inntekter knytt til prosjektet.

Utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, post 3 midlar og kursinntekter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærer, leige av lokale m.m.

Paraidrett

Innanfor området paraidrett er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Inntektene er budsjettert frå NSF (post 3 midlar) på kr. 10 000,-, medan kostnadane er relatert til leige av skianlegg.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjektmidlar

Det er budsjettert med usikre inntekter på dette prosjektet, då desse må komme frå tilskot e.l. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp eit rammebudsjett på kr. 30 000,-.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Skiklubbutviklar

Prosjekt skiklubbutviklar er budsjettert med kostnad på kr. 62 287,-, og ingen inntekter.

Det er budsjettert med negativt resultat på prosjektet.

ALPINKOMITEEN

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 887 000,- driftsinntekter og kr. 887000,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 367 000,- i overføring av markedsinntekter, jf. Samarbeidsavtalane med Fjord1 og Sparebanken Vest.

Momskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-.

Det er også lagt inn kr. 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er om lag same nivå som budsjett for 2022 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 334 000,-.

NM

Ibhm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 15 000,-. Dette er om lag same nivå som rekneskap for 2019 viser.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.

Jr. NM

Ibhm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 10 000,-. Dette er om lag same nivå som rekneskap for 2021 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -10 000,-.

HL

På Hovudlansrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -44 000,-.

Cup

Ibhm. Fjord1 rekrutteringstiltak er det budsjettert med kr. 10 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontigent på 5 FIS-renn for kvar utøvar.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontigent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.

Samlinger/ krinslag

Samlingane er budsjettert i høve til alpiskomiteen sitt sportslege opplegg i 2023.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -233 000,-.

Alpiskomiteen

Til møtevirksomhet i alpiskomiteen er det sett av kr. 7 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 42 300,-, i driftsinntekter og kr. 42 300,-, i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 40 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Det er budsjettert med kr. 5 000,- i kostnad for forsikringspremie på tilhengar med «SFE rekrutteringsbakken».

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 33 500,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 5 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -5 000,-.

Jr. NM

Ifbm. jr. NM er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 5 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -5 000,-.

HL

Ifbm. Hovudlansrennet er budsjettert utan kostnader for 2022.

Det er budsjettert med at dette prosjektet skal balansere.

Cup

I samband med SFEhopp cup er det ikkje budsjettert med kjøp av premiar.

Det er budsjettert med at dette prosjektet skal balansere.

Hopp- og kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 3 500,-.

Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -20 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 625 000,- i driftsinntekter og kr. 1 625 000,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 430 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Momskompensasjon er budsjettert til kr. 30 000,-, om lag kr. 10 000,- mindre enn budsjettert dei seinare åra før covid-19 pandemien.

Vidare er det budsjettert med kr. 50 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarende nivå som budsjett for 2022.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 496 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta var frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totalt sett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærer, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ibhm. NM, jr. NM og Hovudlansrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla ca. kr -110 000,-.

Cup/ SSF Cup

Ibhm. SSFcupen er det m.a. budsjettert med kr. 40 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

I tillegg er budsjettert med kr. 40 000,- i kjøp av premiar til SSF Karusell (sonerenn).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -85 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 2 hovudleiarar på NC jr. I tillegg overnatting for 4 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel då det blir gjort avtale med andre kretsar om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -100 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 335 000,- i årskontingent (krinslagskontingent).

Vidare er det m.a. budsjettert med kr. 135 000,- i kjøp av klede og kr. 190 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -145 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

GENERELL SLUTTKOMMENTAR Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2023.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2022 til 2023, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når Skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2023, når arbeidet med rekneskapen for 2022 er slutført.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtak rammer for budsjett 2023. Unntak med fordelingsnøkkel for marknadsinntekt gjeld for 2023.

SAK 87 21-23

SFSK Handlingsplan 2021-2023

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for perioden 2021-2023 er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, og avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret handsama handlingsplanen og gjer vedtak om å følgje opp dei tiltaka som var drøfta i møtet.

SAK 88 21-23

Rekrutteringsarbeid i Skikrinsen

Bakgrunn

Skiklubbutviklar orienterer kring sitt arbeid med rekruttering i Skikrinsen.

Konkrete prosjekt som skiklubbutviklar har følgd opp denne hausten er:

- Klubbesøk
- Skisprellveka 2023
- Grasrottenarkurs Sogndal og Langeland
- Aktivitetsdag for lærarar

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 89 21-23

Sogn og Fjordane leikane

Bakgrunn

Skikrinsen sitt arrangement Sogn og Fjordane-leikane, eit arrangement på tvers av alle greinene i Sogn og Fjordane Skikrins, har ikkje blitt gjennomført sidan 2020.

Skal ein planlegge for å gjennomføre Sogn og Fjordane leikane vinteren 2023?

Styret bør drøfta følgjande punkt i møtet:

- Stad og dato
- Bidrag frå ressurspersonar
- Bidrag frå greinkomiteane/ -miljøa

Arrangementet bør også implementerast i greinkomiteane sine terminlister.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å følgje opp arrangementet med aktuelle personar og til greinene sine terminlister.

SAK 90 21-23

Bil til skiklubbutviklar

Bakgrunn

I sak 72 21-23 gjorde styret vedtak om å kartleggje tilbod frå ulike bilforhandlarar.

Saka blir presentert i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å leige bil etter avtale som presentert i møtet. Adm. følgjer opp avtale med bilselgar og Skiforbundet.

SAK 91 21-23

Alkoholservering

Bakgrunn

I samband med 100 års markering med bankett og middag bør skikrinsstyret drøfte problemstillingar knytt til alkoholservering, og om skikrinsen skal dekke alkohol til middagen. I nokre liknande samanhengar blir det dekkta 2 einingar per person.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Skikrinsen ikkje dekka utgifter til alkohol.

**EVENTUELT
SAK 92 21-23**

Implementering av nye greiner i Skikrinsen

Bakgrunn

Randonee/telemark og Freeski er i dag ikkje organisert under Sogn og Fjordane Skikrins.

VEDTAK

Skikrinsstyret ønskjer å knytte greinene (randonee/telemark og freeski) organisatorisk og økonomisk inn i organisasjonsleddet. Det er forslag om å organisere randonee i langrennskomiteen og freeski i alpinkomiteen. Forslaget blir spelt inn til aktuelle komitear og fulgt opp ved eit seinare styremøte.

Neste møte i Skikrinsstyret: Torsdag 5. januar kl. 20.00-21.30 (Digitalt)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef